



Entreprenør Jørgen Prestegård AS
Nedre Knappen 20
5355 KNARREVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7339 - 16/34500

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2016

Vidare saksgang vedkomande søknad om mellombels bruksløyve - gbnr 81/39 Risøy

Vi viser til søknad om ferdigattest datert 08.05.16, vårt skriv datert 02.06.16, søknad om mellombels bruksløyve for anleggs veg datert 26.07.16 samt påfølgjande korrespondanse og dialog i saka.

Det er søkt om ferdigattest for godkjent fritidsbustad utan at det er dokumentert at vilkår om å tilbakeføre mellombels annleggsveg var dokumentert. Når dette vart påpeika i vårt brev datert 02.06.16 vart det søkt om mellombels bruksløyve for anleggsvegen.

Det kan ikkje gjevast mellombels bruksløyve eller ferdigattest for anleggsvegen då denne skal tilbakeførast til sti slik som det vart sett vilkår om i vårt vedtak datert 26.03.15.

Det vart i dykkar e-post datert 16.07.16 opplyst at det vart søkt om mellombels bruksløyve for anleggsvegen og skissert ferdigstillelse 30.11.16. Før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for fritidsbustaden skal det dokumenterast at anleggsvegen er tilbakført til gangsti med maks 1,2 meters bredde. Vi kan ikkje sjå å ha motteke stadfesting på at anleggsvegen er tilbakeført til sti.

Vi ber om at dokumentasjon etterspurd i våre skriv datert 02.06.16 og 18.07.16 samt e-post datert 12.07.16 vert supplert.

Dersom dokumentasjon ikkje er levert kommunen innan 16.01.17, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Øyvind Wie Pedersen

Myrdalskogen 427 5117

ULSET

Mottakarar:

Entreprenør Jørgen Prestegård AS

Nedre Knappen 20 5355

KNARREVIK